

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Dato: 30.01.2019
Vår ref.: 2019/195-2
Saksbehandlar: evevaul
Dykkar ref.:

Utlysing av tilskotsmidlar til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring

Hordaland fylkeskommune lyser med dette ut tilskotsmidlar til trygg skuleveg, Hjertesone og punktutbetring. Tilskotsordninga er retta mot kommunane i Hordaland. Det er opna for søknadar frå 1. februar via elektronisk søknadskjema på nettsida til tilskotsordninga: www.hordaland.no/tryggskuleveg. Endeleg søknadsfrist er 25. februar 2019.

Utval for miljø og samferdsel (MISA) gjer endeleg vedtak om tildeling frå tilskotsordninga, etter innstilling frå fylkestrafikksikringsutvalet. Etter planen skal tildelingssaka opp i MISA 10. april 2019.

For føremål «Trygg skuleveg og Hjertesone» kan de søkje om tilskot til:

- fysiske tiltak for trygg skuleveg på fylkesvegnettet
- fysiske Hjertesone-tiltak i skulen sin randsone, både på kommunal veg og fylkesveg

For føremål «Punktutbetring» kan de søkje om tilskot til:

- punktutbetringstiltak på fylkesvegnettet
- utbetring av eksisterande fylkesveg, inkludert utbetring og etablering av tilbod til mjuke trafikantar

Meir informasjon finn de på nettsida til tilskotsordninga. Her finn de mellom anna søknadsskjema, vurderingskriterium og vilkår og retningslinjer for tilskotsordninga.

Me oppmodar kommunane til å nytta høvet, og håpar på mange gode søknadar frå heile fylket.

Håkon Rasmussen
samferdselsdirektør

Even Vaular
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

